

**Til Norsk Sau og Geit.
Avtalepartane i Jordbruksoppgjæret**

Bjørke den 15.10.2008

Tilskot til kjeslakt.

I siste jordbruksavtalen er grensa for å få tilskot på kjeslakt heva frå 3,5 til 5 kg. Dette vil få sær s uheldige utslag for produsenten. Kjeslaktet vert dyrare å produsere og kanskje også av dårlegare kjøtkvalitet då slaktet vil miste noko av sitt "gjøkalvpreg" som kje som har dia mora har.

I praktisk geitehald er det slik at eit kje kan gå ilag med mora i bingen. Kjeet kan trafikkere ut og inn gjennom fronten på geitebingen til det når ei levandevækt på opp mot 8-10 kg. Då har det ei slaktevækt på 3,5 -4,5 kg og er eit fint slakt.

Dette kan gå føre seg utan sær mykje arbeid. Mora og kjeet går ilag så mykje dei ynskjer. Kjeet når denne vekta på 3-5 veker og som sagt utan mykje arbeid frå bonden. Ved denne oppdrettsmåten vert det mykje "rot" i fjøset, men kjeet trivst sær godt og veks fort.

Dersom kjeet skal ha ei slaktevækt på minst 5 kg for å oppnå tilskot til slaktekje, vil me,- for å vere sikre, fore det til me veit at det er meir enn 5. Dei fleste kjea vil då nerme seg 6 kg i slaktevækt, ha ei levandevækt på 12-14 kg og mykje vanskelegare å håndtere. Ein ser også at mødrene vert lei av kje som er så store.

I ein slik produksjon må me ta kjea frå mødrene og ha dei i ein eigen bing og fore dei. Dette vert då både meir arbeidskrevande og plasskrevande. I tillegg vil ein måtte gjennomføre ei omlegging i foringa frå suging av mora til drikking frå kar eller suging frå smokk. Ved ein slik overgang vil kjeet stoppe veksten opptil ei veke. Skal ein over på mjølkeerstatning tek overgangen lengre tid enn ved å halde fram foring med mjølk.

Kort sagt opplever me at foring opp til ca 4 kg slaktevækt kan skje forholdsvis lett, medan ein ved foring opp til ca 6 kg må ha med ei overgangsforing. Produksjonen av kjejøt,- som er meir enn dyr nok frå før, vert endå dyrare. Kvaliteten vert ikkje betre.

Me vil difor be NSG ta dette opp med avtalepartane for å få dei til å setje ned vektgrensa for tilskot til kjeslakt til 3,5 kg att.

Helsing Møre og Romsdal Sau og Geit v Magnus Skjerdal 6190 Bjørke.
Sogn og Fjordane Sau og Geit v Halvar Espeseth Askrova 6916 Tansøy
Hordaland Sau og Geit v / Inga Winjum Rørlien, Såkvitne 5736 Granvin